



Eikelva har vatn nok . Dette biletet er teke ved inntaket til vassverket. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Årsmøtet i Uskedal Vassverk i kveld slutta seg til styret og la det vidare arbeid med Uskedalselva som reservevasskjelde på vent.**

**Det vil kosta 2 millionar å få på plass eit reserveanlegg som vil bli nytta berre nokre få gonger i løpet av ein 10-årsperiode. Kostnader og konsekvensar blir for store, heitte det i ei utgreiing frå styret.**

I staden vil vassverket i første omgang konsentrera seg om å få tak i det vatnet som i dag renn forbi reserveinntaket i Eikelva, der også inntaket er i dag. Det fører til låge kostnader og god utnytting av eksisterande anlegg.

Hvis ein kan få tak i dette vatnet vil vassverket ha 10-11 liter i sekundet til disposisjon. Det vil dekkja behovet i lang tid sjølv i kalde og turre periodar. I slike periodar har Eikelva levert 8-9 liter. Ein auke i talet på husstandar i bygda frå 400 til 500 vil auke forbruket til mellom 9 og 10 liter. Lekkasjane utgjer i dag 2-3 liter i sekundet.

Av utgreiinga gjekk det fram at forbruket i dag ligg mellom 7 og 8 liter og at det har gått ned dei siste åra. Det har mellom anna samanheng med at det klart største forbrukaren Hjørnevåg nyttar varmt vatn til tining. Søkinga etter lekkasjar på nettet har også gjeve eit godt resultat. For 10 år sidan låg forbruket på 10-11 liter i sekundet

Når det gjeld Uskedalselva har eit konsulentfirma (Cowi) konkludert med at det er grunnvatn i området på begge sider ved Leite/Feet. Firmaet har vurdert 3 aktuelle stader men det blir altså ein kostbar investering.

Av Ola Matti Mathisen